



Hundvin Naturbarnehage,
Hundvinsvegen 5,
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1203 - 14/26821

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
15.12.2014

Rapport frå tilsyn i Hundvin Naturbarnehage 15.10.2014.

Lindås kommune har gjennomført tilsyn i Hundvin Naturbarnehage i samsvar med § 16 i Lov om barnehagar. Tilsynet er utført i samsvar med interkommunal «Plan for tilsyn i barnehagar i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy». Planen er vedteken i kommunestyret i Lindås.

Tilsynsorganet var samansett av:

- Astrid Namtvedt Sylta, rådgjevar barnehage Lindås kommune.
- Rita V. Amundsen, styrar Radøy kommune.

Tema for tilsynet var Lov om barnehage § 1 *Formål* og § 2 *Barnehagens innhald*.

Tilsynet har lagt følgjande dokument til grunn:

- Lov om barnehagar.
- Rammeplan for barnehagar.
- Barnehagen sin årsplan.
- Anna relevant dokumentasjon frå barnehagen.

Tilsynet vart gjennomført som intervju og samtalar om praksis knytt til §§ 1 og 2 i Lov om barnehagar. Tilsynsorganet har gjennomført intervju / samtalar med:

- Assistent Ann Christin Kaland.
- Pedagogisk leiar Maria Langhelle.
- Styrar Anja Johannessen.
- Dagleg leiar Charlotte Grimstad.



Konklusjon:

Det er tilsynsorganet sitt syn at årsplanen til Hundvin Naturbarnehage er i samsvar med intensjonane i Lov om barnehagar og Rammeplan når det gjeld barnehagen sitt innhald og oppgåver. Vi ser at fokus på *formål* i § 1 og *innhald* i § 2 pregar det daglege arbeidet i barnehagen.

Med helsing

Rita V. Amundsen
styrar

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hundvin Naturbarnehage,

Hundvinsvegen 5, 5956

HUNDVIN